



MYKJE FOLK: Og etter at sjømatbordet var tømt, var det mykje folk i området ved Lindås brygge. Tjøre Gardsmat opplyste at dei selde rundt 100 kilo med pølser på lørdagen. **FOTO:** Yngve Garen Svardal



KOM FOR SEINT: Jan Otto og Rikke Natland hadde tatt turen frå Frekhaug for å få med seg sjømaten, men kom for sein. Men begge var einige i at det var eit svært bra tiltak. **FOTO:** Yngve Garen Svardal



SKAPTE GOD STEMNING: Jon Hjørnevik og Dagfinn Iversen skapte knallstemning for dei som hadde tatt turen

Sjømatsukssessen på Lindås

LINDÅS: På Lindås hadde ein laga til sjømat til 2500 personar i helga. Det tok mindre enn to timer før all maten var oppeten.

YNGVE GAREN SVARDAL
yngve.svardal@nordhordland.no

- Dette er eit utrøleg bra tiltak!, det seier Jan Otto Natland frå Frekhaug.

Han var ein av fleire tusen menneske som denne helga tok tur til Lindås for å få med seg verdas lengste sjømatbord.

Heile 180 meter med sjømat var plassert ut på Lindås og folket vissde å kosa seg i finveret.

- Det er kjempestiligt at det vert ein slik suksess, seier han.

Men sjømaten fekk han aldri smakt på. Den offisielle opninga var klokka tolv. Og då Natland og familien kom i 13.30-tida, var bordet tomt.

Elisabeth Tonheim var primus motor bak arrangementet, og ho lover alt no at det kjem eit nyt sjømatbord i 2015.

- Har det skjedd ein gong på Lindås, er det vorte ein tradisjon, seier ho.

Ho var sjølv svært godt nodd med arrangementet.

- Det har gått over all forventing, seier ho.

Ho seier det har vore ei magisk stemning, og ho er svært nodd med engasjementet til sambyggjande sine.

- Det har vore ei fantastisk stemning. Folk har stått på hovudet i hagane sine og ordna, og heile bygda har vore med og laga til, seier ho.

- Det er ja å få med ein gong, fortel ho.

Det heile har vore eit samarbeidsprosjekt mellom 16 aktorar frå heile Lindås.

- Tanken har vore å skape noko unikt. Og då valde vi å setja ein spiss på det heile ved å kalla det verdas lengste sjømatbord, for å ikkje gøyoma det velk i alle dagane som finst rundtom, seier ho.

Ideen til det heile kom i samband med opninga av Kystsogevake i fjor.

- Folk var i fistel og hadde så lyst til at vi skulle gjera noko årleg, og få til noko på sommaren, fortel ho.

For akkurat det har Lindås-bygda sakna, eit samlande arrangement på sommarstid. Og no kan det vera at dei har fått sitt arrangement. For i tillegg til sjømatbord, var det utstillinger, målarkurs, Tempo-utstilling, som du kan lese meir om på side 19, underhaldning ved Jon Hjørnevik, som du kan sjå eit samdrag med på nettsidene våre og fiskekonkurransar.



HEIV INNPÅ: Denne gjengen var blant dei par tusen som heiv innpå med sjømat på lørdag. Til neste år skal enno fleire munnar mettast. **FOTO:** Foto & Videogruppa, Lindås ungdomslag.



BÅTLIV: Denne gjengen hadde lagt seg til ved brygga i Lindås for helga. **FOTO:** Yngve Garen Svardal



for å få med seg diktopplesing og musikk. **FOTO:** Yngve Garen Svardal



STEMNING: Desse fekk med seg dei vittige dikta til Hjørnevik. **FOTO:** Yngve Garen Svardal



HUMØR: Det var lite å seia på humøret til denne gjengen som var på Hjørnevik-framsyningen. **FOTO:** Yngve Garen Svardal



MAT: Dette var blant det ein fekk servert på sjømatbordet. **FOTO:** Foto & Video-gruppa, Lindås ungdomslag.



UTE FOR Å MYSÅ: Andreas Nygård Feen og Marius Kleivdal Helle var ute for å få med seg folkelivet i heimbygda. **FOTO:** Yngve Garen Svardal

**MARKISER
PERSIENNER**
SCREEN • GARASJEPORTER


Fasade
PRODUKTER

**SOMMER-
kampanje!
GODE PRISER
NÅ!**



Ring sentralbordet tlf. **911 50 200**
www.fasadeprodukter.no